

## SVEIO KOMMUNE

## PLANFØRESEGNER FOR DEL AV MØLSTREVÅG, GNR. 61.

- § 1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Busetnaden skal der byggjelinje er oppgjeve plasserast innanfor denne.
- § 2. Bustadområde.  
Frittliggjande bustadhus kan førast opp i inntil 2 etasjar. I hus med ein etasje der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det, kan sokkeletasjen innreist for busetnad innanfor ramma av føresegnene i byggjeforskriftene.
- § 3. For kvar familiebusstad skal det gjevast opp plass for 1 garasje og plass for oppstilling av 2 bilar.  
Garasjen skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.  
Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som fylgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med huset.  
Garasjen kan plasserast i nabogrensa i mehald til føresegnene i byggjeforskriftene.  
Bygningsrådet fastset den endelege plassering av garasjen.  
Uthus kan førast opp i tilknytning til bustadhus eller garasje. I særlege høve kan bygningsrådet gje løyve til å føra opp separat uthus.
- § 4. Grunnflata til bygningen, inklusiv garasje og uthus må ikkje overstiga 30 % av arealet innanfor tomtegrensene.
- § 5. Høgda på bygningane må ikkje overstiga 6 m i 1 etasje og ikkje over 8 m for bygg i 2 etasjar. Høgda vert rekna frå terrenget si meddelhøgde.
- § 6. Mellom tomtane må det ikkje setjast opp gjerde som er høgare enn 1,2 m innklusiv sokkel.

§ 7. Industriområde

Anlegga sin art, utforming og plassering skal i kvart einskild høve godkjennast av bygningsrådet. Ved byggjemelding skal situasjonsplanen visa samanhengande biloppstillingsplass i samsvar med bygningsrådet sine føresegner, normalt for 1 lastebil pr. 200 m<sup>2</sup> golvflate og for 1 personbil pr. 3 tilsette eller pr. 75 m<sup>2</sup> golvflate. Manøvreringsplass skal ordnast på eigen grunn.

§ 8 Områder for blanda utnytting til forretning- og bustadføremål.

Forretningsbygg kan oppførast i inntil 2 etasjar. Underetasje kan innreiast der topografien etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det.

Bygningsrådet kan tillate at inntil 50% av golvarealet vert innreia til bustadføremål.

Eksisterande bustader kan ombyggjast og påbyggjast.

Takvinkelen skal vera mellom 15° og 45°. Bygningsrådet kan fråvike dette i særlege høver.

Bygningsrådet kan krevja at det vert utarbeidd ein plan for busetnaden med høgdeoppriss for området i sin heilhet eller deler av området før bygningsrådet handsamar søknader om einskildbygg.

§ 9. Det må sikrast tilstrekkeleg private utearealer for bustadane i området. Arealer til leik og utandørs opphald skal visast på situasjonsplan og godkjennast av bygningsrådet.

§ 10. Kvar verksemd skal på eigen grunn ha plass til parkering for tilsette, samt til på- og avlessing som etter bygningsrådet sitt skjøn er nødvendig for eigedomen sitt bruk.

§ 11. Fellesbestemmelser.

Ingen tomt kan byggjast på før det ligg føre **tomtedeling** for vedkomande område, godkjent av bygningsrådet.

§ 12. Ingen tomt må plantast med trer eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjøn kan verke **generande** på den offentlege ferdsel. Siktsonene skal til ei kvar tid vera rydda for sikthindringar. Dei ubygde områda må gjevast ein tiltalande form og handsaming.

§ 13. Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, der særlege grunnar taler for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og byggjeforskrifter og særvedtekter for Sveio kommune.

\*\*\*\*\*